



Oppvekst og utdanning i HAFS

## Retningslinjer for

### Vurdering for utvikling (ekstern vurdering) i barnehage og skule

Justert og gjeldande frå 15.02.2021

1. Vurdering for utvikling er ein viktig del av kvalitetssystemet i dei samarbeidande kommunane. Med ekstern vurdering minst kvart fjerde år i skule og barnehage vil kommunane stimulere til utvikling og forbetring og sikre god kvalitet i skulane og barnehagane i regionen.
2. Arbeidet med ekstern vurdering vert leia av regionen sin utviklingsleiar. Lærarar og barnehagelærarar frå dei samarbeidande kommunane gjennomfører vurderinga av skular og barnehagar i samarbeid med utviklingsleiar. Vurderinga vert gjennomført etter metode utvikla av Hardanger/Voss kompetanseregion og Utdanningsdirektoratet, omtala i heftet "Tegn på god praksis" (skule) og Ekstern vurdering i barnehagen.
3. Ekstern vurdering skal gjennomførast etter ein retningsgjevande langtidsplan vedteken av Regionmøtet (dei skule- og barnehageansvarlege i kommunen). Tidspunkt for vurderinga skal tilpassast lokale tilhøve. Ekstern vurdering skal vere med i årsplanen for barnehagen/skulen.
4. Ekstern vurdering skal vere eit av verkøya skulane og barnehagane nyttar i arbeidet med ein fleirårig handlings- og utviklingsplan. Ståstadsanalyse skal vere eit av grunnlaga for denne planen. Plan og analyse skal vere grunnlag for val av vurderingstema/fokusområde for den eksterne vurderinga.
5. Prosessen:
  - a. Val av tema: Skulen/barnehagen vel tema innan 1.1. for vurdering i fyrste halvår og før 1.7 for vurdering i andre halvår. Val av tema kan sjåast i samanheng med handlings- og utviklingsplanen for skulen/barnehagen. Rådsorgana ved skulen/i barnehagen bør få uttale seg om val av tema.

- b. Planleggingsmøte: Det vert skipa til felles planleggingsmøte for dei skulane og barnehagane som skal ha vurdering det komande halvåret og etter val av tema.
- c. Val av tidspunkt: Tidspunktet for vurderingsveka vert avgjort med grunnlag i regionen sin langtidsplan og lokale ynskje og behov. Skular/barnehagar kan også tinge vurdering utanom langtidsplanen.
- d. Val av vurderarar: Utviklingsleiaren fordelar vurderarar. Vurderarane skal vere frå ein annan kommune enn der skulen/barnehagen er, og det skal vere minst to som vurderer i kvar barnehage og skule.
- e. Førehandsmøte med vurderarane: Vurderarane deltek på eit førebuingmøte med personalet på skulen eller i barnehagen i god tid før vurderingsveka og i samband med utarbeidinga av framtidsbiletet.
- f. Vurderingsveka vert gjennomført etter godkjent plan utarbeidd av rektor/styrar og vurderarane. Sjå tidsplan i mal for vurderingsrapport. Vurderingsveka skal normalt vere tre dagar i skule og fire dagar i barnehage (treng lengre tid til observasjon)Vurderinga kan verte gjennomført på fire dagar i skule og tre dagar i barnehage, avhengig av storleik og tema.
- g. Vurderingsrapport vert overlevert rektor/styrar og presentert siste dagen av vurderinga. Rapporten vert offentleggjort på nettstadene til skulen/barnehagen, kommunen og regionen seinast to veker etter vurderingsveka og etter at eventuelle feil er retta opp. Vedleggsrapport (alle samtalar, observasjonar m.m.) vert stempla ikkje offentleg og overlevert rektor/styrar.
- h. Oppfølgingsmøte: Om lag ein månad etter vurderingsveka vert det gjennomført eit oppfølgingsmøte på skulen/i barnehagen der eigar, region og/eller vurderarar er representerte. I tillegg kan det vere aktuelt å ha med fagpersonar på det særskilte temaet. Føremålet med møtet er å utdjupe utfordringane skulen/barnehagen har fått, og såleis få eit betre grunnlag for å vurdere, vedta og sette i verk tiltak.
- i. Tiltak og utfordringar skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanar.
- j. Eininga skal utarbeide ein handlingsplan i etterkant av vurderinga. Denne handlingsplanen bør presenterast på eigarnivå (politisk).
- k. Tilbakemelding på arbeidet med utfordringane i vurderingsrapporten skal skje som del av tilstandsrapport/kvalitetsmelding kvart år frå skulen/barnehagen til eigar/kommune.

15.02.2021

Gøril Fristad

(Utviklingsleiar)